

**Sakshandsamar:**

Signe Gudveig Rauboti
E-post: Signe.Gudveig.Rauboti@sfj.no
Tlf.: 92639736

Vår ref.

Sak nr.: 15/9451-46
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 23.09.2019

Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset i Lærdal
6887 LÆRDAL

Bustadstiftinga ved Lærdal sjukehus - behov for val av nye styremedlemar

Fylkesrådmannen syner til brev frå to av medlemane i styret for Bustadstiftinga ved Lærdal sjukehus, Arne Hovland og Ivar Kvalen.

Arne Hovland skriv den 10.9.2019 at han trekker seg frå styret i bustadstiftinga, både som styremedlem og som styreleiar. Ivar Kvalen syner til at han har vore styremedlem i bustadstiftinga i to periodar, til saman åtte år, og at han ikkje ønskjer attval i vervet.

Fylkesutvalet skulle eigentleg ha vald nye styremedlemar til bustadstiftingsstyra i 2015, sidan valperioden svarar til den fylkeskommunale valperioden. Fylkesutvalet kom då til at styremedlemene som vart valde i 2011, skulle halde fram i påvente av at valretten vart overført til andre.

Sidan vedtektene ikkje er endra og valretten som følgje av det ikkje er overført til andre, overtek Vestland fylkeskommune om kort tid ansvaret for å velje styremedlemar til stiftingane. Fylkesrådmannen reknar med at Vestland fylkesting vel nye styremedlemar til bustadstiftingsstyra innan året er omme.

Når det gjeld styreleiar si fråtreiding frå vervet, reknar fylkesrådmannen med at styreleiaren sin personlege varamedlem trer inn i vervet som styremedlem fram til nyvalet, og at styret vert samde om kven som skal ta på seg styreleiarvervet for resten av perioden.

Med helsing

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til:

Ivar Kvalen
Arne Hovland
Brita Einemo